



Gaular kommune
Landbruk og næring

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2010/67
Doknr:	27
Møtsnr:	25 APR 2010 ASL/SEB
Saksstnr:	1AA
Ark:	410
Kopi:	
Avtal:	

Saksnr.	Arkivkode	Journalnr.	Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
10/386	FA-V31, TI-&13	10/3441	201000067-1AA	JMO	22.04.2010

Høyring- Forslag om endring i FOR- 1997- 05-02- 423- Forskrift om nydyrking


Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka til Utval for Plan- og utvikling landbruk/næring med Gaular kommune si høyringsuttale i saka.

1. Det er særskilt peika på at ei stor og aukande gruppe av forskarar meiner at CO₂ har ei ubetydeleg rolle når det gjeld den globale klimautviklinga. CO₂ blir ikkje verande i lufta, men går inn i det store kretsløpet som syter for likevekt.
2. Formålsparagrafen i jordlova tar sikte på å verne jordsmonnet som produksjonsgrunnlag. Her i kommunen og elles, særleg på vestlandet, er myrjord viktig både som dyrka jord og dyrkingsreserve. I høyringsuttalen er det stilt spørsmål om det er heimel i jordlova for ei så drastisk endring av forskrifta som departementet legg opp til. Jamfør formålsparagrafen i jordlova.

Vi meiner at det ikkje fins fagleg grunnlag for å hevde at nydyrking av myrjord vil ha noko som helst negativ innverknad på klimaet lokalt eller globalt.

Gaular kommune ynskjer ei tilbakemelding frå Landbruks- og matdepartementet på korleis høyringsuttalen blir vurdert.

Med helsing


Turid Håheim Hestad
Utvallsleiar


Jon Moldestad
næringssjef

Vedlegg: Utskrift av møteboka til Utval for Plan- og utvikling landbruk/næring med Gaular kommune si høyringsuttale i saka.

Postadresse	Telefon: 57718500	Bankgiro: 37600700279
Vadheimsvegen 15	Telefaks: 57718501	Org.nr: 963 923 988
6973 SANDE I SUNNFJORD	E-post: postmottak@gaular.kommune.no	



MØTEBOK FOR GAULAR KOMMUNE

SAKSGANG		
Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
013/10	Plan og utvikling næring	15.04.2010

Arkiv: FA-V31, TI-&13
Saksmappe: 10/386
Sakshandsamar: JMO
Dato: 25.03.2010

HØYRING- Forslag om endring i FOR- 1997-05-02-423- Forskrift om nydyrking

Tilråding til vedtak:

Framlegg til høyringsuttale frå Gaular kommune vert godkjent.

Handsaming i Plan og utvikling næring 15.04.2010:

Avrøysting: Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PLN-013/10 Vedtak:

Framlegg til høyringsuttale frå Gaular kommune vert godkjent.

...

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Tittel	Avsendar/Mottakar
1	I	15.03.2010	Høyring - forskrift om nydyrking	Landbruks- og matdepartementet
3	I	08.04.2010	Høyrings svar - forbod mot nydyrking av myr	Sogn og Fjordane Bondelag

GAULAR KOMMUNE
Råd for Landbruk/Næring
6120 SANDE I SUNNFJORD

rett utskrift

Saksutgreiing:

17.02.2010 har Landbruks- og matdepartementet sendt ut sendt ut forslag om endring av Forskrift om nydyrking til høyring. Høyringsfristen er 30. april 2010.

Framlegg til høyringsuttale frå Gaular kommune:

LOVGRUNNLAGET:

Lov om jord (jordlova).

Jfr. lov 21 des 1979 nr. 77 § 2. Jfr. *tidlegare* lover 2 april 1917 nr. 6, 23 mars 1918 nr. 1 og 2, 19 nov 1920 nr. 1 med tilleggslov 29 juni 1922 nr. 1 og lov 14 des 1917 nr. 2 og lover 23 juli 1920 nr. 1, 30 sep 1921 nr. 1, 23 mars 1923 nr. 2, 15 feb 1924, 17 juli 1925 nr. 4 og 25 juni 1926 nr. 8, 22 juni 1928 nr. 25 (med tilleggslover 15 feb 1929, 22 juni 1934 nr. 6, 10 mars 1938 nr. 1, forordning 15 sep 1941, lover 7 mai 1942 nr. 4, 27 juni 1947 nr. 5, 28 juli 1949 nr. 11), 18 mars 1955 nr. 2.

Kap. I. Føremålet med lova

§ 1. Føremål

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

§ 11. Drift av jordbruksareal, nydyrking og driftsveggar

For å sikra miljøforsvarleg drift av jordbruksareal, jf. § 1 tredje ledd, kan departementet gi føresegnar om drifta. Føresegnene kan mellom anna ta sikte på å hindra erosjon og regulera bruk og lagring av gjødsel og andre innsatsvarer i produksjon, samt å ta omsyn til særlige naturverdiar.

For å unngå skade på natur- og kulturlandskap, kan departementet gi føresegnar for nydyrking. I føresegnene kan det fastsetjast forbod mot nydyrking og at nydyrking berre kan skje i samsvar med plan godkjend av departementet.

Departementet kan gi føresegnar om planlegging, godkjenning og bygging av veggar for landbruksføremål.

Endra med lov 19 juni 2009 nr. 100 (i kraft 1 juli 2009, etter res. 19 juni 2009 nr. 704).

Departementet sitt framlegg til endring av gjeldande forskrift:

Vedlegg 2

Utkast til forskrift om endring i Forskrift om nydyrking fastsatt 2. mai 1997 nr 423
Fastsatt av Landbruks- og matdepartementetmed hjemmel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)
§ 3 og § 11 annet ledd, jf. kgl.res. 12. mai 1995.

§ 1 skal lyde:

§ 1. (*formål*)

Formålet med denne forskriften er å sikre at nydyrking skjer på en måte som tar hensyn til natur- og kulturlandskap. Det skal legges vekt på hensynet til miljøverdier som biologisk mangfold, kulturminner og landskapsbildet. **Det skal også legges vekt om nydyrkingen kan ha følger for klimaet.** Det skal for øvrig legges vekt på å sikre driftsmessig gode løsninger.

§ 3 første ledd skal lyde:

Med nydyrking menes fulldyrking og overflatedyrking av jord. Gjenoppdyrking av jordbruksareal som har ligget unytta i over 20 år, **eller som på grunn av manglende vedlikehold av drenering må karakteriseres som myr**, regnes som nydyrking.

§ 5 første ledd skal lyde:

Ved avgjørelsen skal det legges særlig vekt på hvilke virkninger tiltaket kan påregnes å få for natår- og kulturlandskapsverdiene, jf. § 3 fjerde ledd. Ved denne vektleggingen skal det tas hensyn til om det på arealet er sjeldne miljøverdier og hvor sjeldne miljøverdier er. **Det skal dessuten tas særlig hensyn til om tiltaket kan medføre klimagassutslipp.**

§ 6 nytt første ledd skal lyde:

Nydyrking kan ikke tillates på myr. Med myr menes areal større enn 2 dekar med myrvegetasjon og med minst 30 cm tjukt torvlag. Definisjoner som ligger til grunn for økonomisk kartverk skal legges til grunn ved avgrensingen.

§ 6 første og annet ledd blir nytt annet og tredje ledd.

§ 9 første ledd skal lyde:

Før vedtak treffes, skal kommunen innhente de uttalelser som er nødvendige, jf. § 1, og ellers sørge for at saken er så godt opplyst som mulig. Hensynet til natur- og Side 6

kulturlandskapsverdier, **herunder risikoen for økt klimagassutslipp** skal vurderes for større områder uavhengig av eiendomsgrenser.

II

Forskriften trer i kraft.....

Nydyrking av myr som det er gitt tillatelse til før forskriften trer i kraft, kan gjennomføres i tråd med tillatelsen.

VURDERING

Stortingsmelding nr. 39 om klimautfordringane i landbruket bygger på FN sitt klimapanel, (International Panel on Climate Change) IPCC sine rapportar.

I seinare tid har det frå vitenskapleg hald kome fram opplysningar som er i strid med FN's klimapanel sin konklusjon om at klimaendringane i stor grad er menneskeskapte på grunn av utslepp av klimagassar. Det er særleg auka CO₂ innhald i lufta som FN's klimapanel har hevda er årsak til varmare klima.

Eit stort og veksande antal forskarar har kome fram til at det primært er vassdamp, skyer, vulkanar, atmosfærisk støv, oceanografiske variasjonar og påverknad frå sola og kosmisk stråling som i hovudsak er årsaka til den globale klimautviklinga.

CO₂ ser ut til å ha ei mindre betydeleg rolle enn det FN's klimapanel hevdar.

Det er ikkje grunnlag for slike drastiske endringar av forskrifta som departementet legg opp til. Det er lagt einseitig vekt på IPCC sine fråsegner som legg til grunn at at klimaendringane i hovudsak er menneskeskapte. (Sjå Ole Hulum: Det ustyrlege klima. ISBN 978-87-92417-08-4)

Kritiske røyster har på vitenskapleg grunnlag bevist at datagrunnlaget som er nytta faktisk er tilpassa konklusjonen om at klimaendring med temperaturauke er menneskeskapt og at klimagassen CO₂ er hovudårsaka til temperaturstigninga. Mange forskarar har trekt seg frå arbeidet i klimapanelet fordi datagrunnlaget blir brukt og tilpassa konklusjonen om at klimaendringane i stor grad er menneskeskapt.

I vårt nedbørrike område er myrjord ein viktig del av naturgrunnlaget med tanke på planteproduksjon både på kort og lengre sikt. Over tid er det gjennom forskning og praktiske erfaringar, opparbeidd mykje kunnskap om dyrking av myrjord. Ikkje minst er det omfattande kunnskap om mikronæringsstoff som er viktige for dyrking av kulturvekstar på myrjord. Det er viktig at desse kunnskapane blir nytta og haldne ved like.

Noreg har lite av dyrka jord per innbyggjar- om lag 2,1 dekar. Av den grunn er det viktig med jordvern. Det er viktig å halde dyrka jord i hevd og det er viktig å dyrke ny jord ikkje minst med tanke på matforsyning i framtida.

Det har i seinare tid vore lite nydyrking i kommunen. Men mykje av den dyrkbare jorda er myrjord. Denne myrjorda er ein viktig dyrkingsreserve som må kunne dyrkast og takast i bruk når det er behov for å styrkje næringsgrunnlaget på dei aktuelle bruka.

I 2004 vart Svartliåsmyra naturreservat i Gaular oppretta. Reservatet dekkjer eit areal på 594 dekar. Forskrifta om verneplanen for myr vart vedteken med heimel i lov om naturvern. Det var ein lang, omfattande beslutningsprosess med synfaringar, møte og høyringar som låg til grunn for dette vedtaket.

Det blir for lett vint å verne all myr for oppdyrking ved endring av Forskrift om nydyrking.

Formålsparagrafen i jordlova tar sikte på driftsmessig gode løysingar og vern av jordsmonnet som produksjonsgrunnlag. På dette grunnlaget blir det grunnleggande feil å lage ei forskrift med forbod mot all nydyrking av myrjord. Det er grunn til å stille spørsmål om det er heimel i jordlova for ei så drastisk endring av gjeldande forskrift.




I vårt våte klima på Vestlandet er det store areal av myrjord i utmark og fjellområde. Mesteparten av dette myrarealet er lite eigna og lite aktuelt å ta i bruk for oppdyrking. Men der er årleg nydanning av myrtorv i desse områda som bind langt meir av klimagassar enn dei som vert frigjorde ved oppdyrking av myrjord til ei kvar tid.

Dyrking av myrjord i Gaular kommune vil ikkje ha det minste innverknad på klimaet verken lokalt eller globalt.

Syner også til Henrys lov og masseverknadslova elle Guldberg- Waage-lova som syter for balanse i naturen når det gjeld klimagassane. (Sjå Per Engene og Gøran Tullberg: Klimaet Vitskap og politikk. ISBN 978-82-997543-0-9) Grunnlaget for CO₂ og andre klimagassar si betydning som hovudfaktor for klimaendring er der grundig tilbakevist.

Ankepunkta på solid vitskapleg grunnlag , med basis i sentrale naturlover, er etter kvart så mange og overbevisande at det bør setjast ein stoppar for forslaget om endring av Forskrift om nydyrking.

Gaular kommune går mot framlegget til endring av Forskrift om nydyrking som vil føre til forbod mot all nydyrking av myr.


Jon Moldestad

Fråsegn frå Gaular kommune sendast til: Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

